



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger kyrkjelege fellestråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 31.01.2020

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellestråd

Møtedato: 30.01.2020
Møtetid: kl. 10:00
Møtested: Høyanger Kyrkjekontor (Møterom)

Tilstede:

May-Wenche Fossmark, Vidar Myren, Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Tonje Førde Systad, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Andreas Ester.

Meldt forfall:

Frode Merkesvik, Kenneth Førde

Kopi av møteboka går til:

Veronica Vågen, Lars Petter Amundrud, Ellinor Henjesand Austreim, Aud Kjersti Haugen, Rolf Aamot, Monica Sunde Tjønnås, Toril Bjørkum, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekke, Gerda Otterstein, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.
Godkjent utan merknader

Meldingssaker

- 000001 Soknepresten har ordet**
Sokneprest Andreas heldt ei kort andakt om det å kunne starte med blanke ark.
- 000002 Rekneskapsrapport 2019**
Rekneskapsrapporten er ikkje ferdig, men rekneskapsrapport vart gjennomgått i møtet.
- 000003 Høyanger Bedehus**
Kyrkjevevja orienterte om kva som no er avklart når det gjeld Høyanger bedehus.
Saka skal no drøftast med Høyanger kommune for å sjå om det kan finnast ein veg vidare.

Vedtaksaker

Sak 001/20 FRAMLEGG TIL MØTEPLAN 2020

Vedtak:

30.01.2020 kl. 10.00
27.02.2020 kl. 10.00
26.03.2020 kl. 10.00 *Dersom behov for møte m.o.t. Høyanger bedehus
30.04.2020 kl. 10.00
11.06.2020 kl. 10.00

Resten av møteplanen vert lagt når vi kjenner Høyanger kommune sin vidare møteplan.

Sak 002/20 2. FRAMLEGG TIL REVIDERT BUDSJETT 2020

Vedtak:

Kyrkjeverja sitt siste framlegg til budsjett 2020 vart vedteke uforandra, slik det var utsendt og presentert for fellesrådet. Budsjettet byggjer mellom anna på: Uforandra kommunalt tilskot kr. 4 175 000, auke i festeavgift frå 250 til 300 pr.år, auke i kyrkjelege betalingssatsar, billigare straumavtale, reduserte vedlikehaldsutgifter på kyrkjegardane, ingen kutt i honorar til folkevalde, ingen kutt i stillingar, auka renteinntekter og auka leigeinntekter.

Sak 003/20 REGULERING AV KYRKJELEGE BETALINGSSATSAR

Vedtak:

Festeavgift vert føreslege auka frå 250 til 300 pr. år. **Samrøystes.** (Skal vedtakast av kommunen)

Kistenedsetjing av utanbygds vert auka frå 4500 til 7500. **Samrøystes**

Urnedsetjing av utanbygds vert auka frå 1500 til 2500. **Samrøystes**

Avgift ved utanbygds gravlegging med seremoni i kyrkja vert sett til kr. 3000. **7 røysta for, 1 mot**

Gravminne: oppsetjing, retting, sikring, fjerning/destruering aukast frå 1000 til 1200. **Samrøystes**

Fjerning av plater og plantefelt/kantstein aukast frå 400 til 500. **Samrøystes**

Gravstellavtale, aukast frå 1500 til 1800 pr. år. **Samrøystes**

Vigselsavgift for utanbygds aukast frå 2000 til 2500. **Samrøystes**

Kantor – øving med solist/akkompagnering, setjast til kr. 400. **7 røysta for, 1 røysta mot.**

Kantor – eigne solistoppdrag setjast til kr. 800. **7 røysta for, 1 røysta mot**

Frå 01.01.2020 skal satsane regulerast kvart år. Den 1.01. etter konsumprisindeks 1.10. året før.

Sak 004/20 FRAMLEGG TIL ÅRSMELDING 2019

Vedtak:

Årsmelding 2019 for Høyanger kyrkjelege fellesråd er oversiktleg og informativ. Den vert teken opp til endeleg godkjenning så snart nokre manglande statistikketal er tekne inn, samt at det økonomiske resultatet for 2019 er kjent, og rekneskapen er avslutta og revidert.

Sak 005/20 TILSETJING AV SEKRETÆR VED HØYANGER KYRKJEKONTOR

Vedtak:

Katarina Vattekar vert fast tilsett i 60% stilling som sekretær ved Høyanger kyrkjekontor med verknad frå 01.02.2020. **Samrøystes.**

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje